

Saksbehandlar: Idar Sagen, Plan- og samfunnsavdelinga
Sak nr.: 14/3411-3

Eventuelt bruk av forkjøpsrett ved erverv av fallrettar for bygging av Jølstra kraftverk i Jølster og Førde kommunar

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

Sogn og Fjordane fylkeskommune vil ikkje nytte forkjøpsretten når det gjeld fallrettar i Jølstra som skal nyttast til bygging av Jølstra kraftverk.

Vedlegg:

1. Brev av 07.07.2014 frå Olje og energidepartementet.

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Sunnfjord Energi AS og Nordkraft Vind og Småkraft AS har sendt konkurrerende søknader om å utnytte same fall i Jølstra for å bygge Jølstra kraftverk i kommunane Jølster og Førde. Søknadene gjeld også erverv av fallrettar etter industrikonsesjonslova, Lov om erverv av vassfall m.m. I tråd med denne lova, § 6 nr. 1 har staten forkjøpsrett ved konsesjonspliktige erverv av fall. I tråd med § 9 nr. 1 har fylkeskommunen forkjøpsrett når staten ikkje nyttar sin rett etter § 6 nr. 1.

I brev av 7.07.14 frå Olje- og energidepartementet er fylkeskommunen orientert om at staten ikkje vil nytte sin forkjøpsrett. Fylkeskommunen må ta stilling til om vi vil bruke vår subsidiære rett innan tre månader frå brevet er motteke, dvs. 8.10.14. Forkjøpsretten vil falle bort om han ikkje er gjort gjeldande innan fristen på tre månader. Fylkeskommunen har søkt om utsett frist til etter første fylkesting. Departementet har imøtekome søknaden og ny frist er sett til 17.10.14.

Det er grunn for å sjå regelverket om forkjøpsrett i Industrikonsesjonslova frå 1917 som ein reiskap for å sikre viktige utbyggingsprosjekt til det offentlege i høve til private utbyggarar, inkl. industri. Før energilova vart sett i verk i 1991 hadde fylkeskommunen sitt energiverk, SFE, såkalla oppdekkingsplikt. I ein slik situasjon hadde reglane om forkjøpsrett større relevans enn i dag. Så langt fylkesrådmannen kjenner til, er regelverket likevel ikkje brukt i konkrete saker her i fylket. Bruk av forkjøpsrett vart vurdert i forbindelse med Nyset-Steggje utbygginga i Årdal på 1980-talet. Fylkeskommunen har handtert fire saker om forkjøpsrett sidan 2010. Alle utan å bruke retten.

2. Kva saka gjeld

Begge utbyggingsøknadene er til handsaming i NVE. NVE har sendt søknadene på høyring m.a. til fylkeskommunen og aktuelle kommunar med frist 15.09.2014. Fylkeskommunen har fått utsett frist for politisk handsaming til 26.09.2014.

Søknadsbrevet frå Sunnfjord Energi AS ser slik ut:

Søknad om konsesjon for Jølstra kraftverk

Sunnfjord Energi AS har planer om å bygge Jølstra kraftverk i Jølster og Førde kommuner, Sogn og Fjordane fylke.

Det er i samsvar med lov av 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) gjennomført en konsekvensutredning for prosjektet, som skal tilfredsstille kravene i utredningsprogrammet fastsatt av NVE i brev datert 27.09. 2013.

Det søkes med dette om følgende tillatelser:

- Konesjon til erverv av fallretter, etter lov av 14. desember 1917 nr. 16 om erverv av vannfall, bergverk og annen fast eiendom mv, § 1 (Industrikonsesjonsloven).
- Tillatelse til bygging og drift av Jølstra kraftverk, etter lov av 24. november 2000 om vassdrag og grunnvann (Vannressursloven), § 8.
- Anleggskonesjon til bygging av drift av kraftverket med tilhørende elektriske anlegg, etter lov av 29. juni 1990 om produksjon, omforming, omsetning og fordeling av energi (Energiloven), §§ 4-1 og 3-1.
- Ekspropriasjon av fast grunn og rettigheter og forhåndstiltredelse etter lov av 23. oktober 1959 nr. 3 om oreigning av fast eiendom, §§ 2 og 25 (Oreigningslova).

Søknadsbrevet frå Nordkraft Vind og Småkraft AS ser slik ut:

SØKNAD OM KONSESJON FOR BYGGING AV KRAFTVERK I JØLSTRA

Nordkraft Vind og Småkraft AS (heretter benevnt Nordkraft AS) planlegger å utnytte deler av fallet i Jølstra mellom Tongahølen og Stakaldefoss til kraftproduksjon i "Jølstra", som blir et kraftverk i Nordkraftkonsernet og formelt eid av Nordkraft Vind og Småkraft AS.

I meldingen ble det presentert to alternativer for utbygging, hvor alternativ 2 innebar utnyttelse av fallet ned til Reinene. Ressursmessig ville alternativ 2 fra meldingen gitt større fallutnyttelse, men her ligger det allerede et kraftverk i drift, som reduserer nettogevinsten ved en slik utbygging. Per i dag er det ikke oppnådd enighet om en felles utbygging med Sunnfjord Energi etter alternativ 2 fra meldingen, og det er derfor valgt å søke om utbygging mellom Tongahølen og inntaksbassenget for Stakaldefoss kraftverk (alternativ 1). På denne fallstrekningen oppnås full fallutnyttelse, samtidig som Stakaldefoss kraftverk blir upåvirket av en utbygging. Energimessig er det derfor liten forskjell på dette alternativet og en utbygging ned til Reinene. På denne bakgrunnen er derfor alternativet med fallutnyttelse fra Tongahølen til Reinene (alternativ 2 i melding) tatt ut.

Det søkes om følgende tillatelser:

1. Etter vannressursloven, med tilhørende bestemmelser i vassdragsreguleringsloven om tillatelse til:

- Bygging av kraftverket "Jølstra", som skal utnytte fallet mellom Tongahølen og inntaksbasseng for Stakaldefoss kraftverk

2. Etter energiloven om tillatelse til

- bygging og drift av Jølstra kraftverk med tilhørende koblingsanlegg og kraftlinjer som beskrevet i søknaden.

3. Etter industrikonsesjonsloven

- Erverv av fallrettigheter fra fallrettseiere, samt eventuelle omtvistede deler av fallrettighetene som det ikke oppnås minnelige avtaler om

Det er ikke kjent at utbyggingsplanene omfatter tiltak som kommer i konflikt med eiendom som ikke allerede er en del av avtalen mellom utbygger og grunneiere.

Nødvendige opplysninger om tiltaket fremgår av den vedlagte utredningen.

Fallrettane som skal ervervast, er nødvendige for å kunne realisere aktuelle utbyggingsprosjekt i Jølstra. Ved første gangs handsaming av erverv av fallrettar etter industrikonsesjonslova, har staten og deretter fylkeskommunen forkjøpsrett til vassfall, jf. §§ 6 og 9.

3. Vurdering og konsekvensar

Sunnfjord Energi AS med hovudkontor i Førde er eigd av vertskommunane Jølster og Førde, og i tillegg Gaular, Fjaler, Hyllestad, Solund, Naustdal og BKK.

Nordkraft Vind og Småkraft AS er eit heileigd dotterselskap i Nordkraft-konsernet og har hovudkontor i Narvik. Eigarane er Narvik kommune, Troms Kraftforsyning og Energi AS og Hålogaland Kraft AS.

Det følgjer av lovverket at den som gjer gjeldande forkjopsrett, må overta rettar og plikter knytt til prosjektet. Det som er erverva gjennom forkjopsretten, kan vidare ikkje avhendast utan løyve (nr. 5 under § 9). Om fylkeskommunen skulle vurdere bruk av forkjopsretten, så måtte det vere med tanke på å realisere prosjektet sjølv eller gjennom andre. Fylkeskommunen har i dag ikkje eit apparat for å kunne gjere dette åleine, og realisering måtte skje gjennom eit selskap. Fylkesrådmannen vurderer det som uaktuelt å bruke forkjopsretten, og dermed ta eit prosjekt frå eitt selskap, for deretter å overføre det til eit anna.

4. Konklusjon

Fylkesrådmannen rår frå at fylkeskommunen gjer forkjopsretten til fallrettane gjeldande. Mynde til å gjere vedtak om forkjopsrett etter industrikonsesjonslova § 9 nr. 1 ligg til fylkestinget.